



Statens vegvesen

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Sivert Faye / 47299448

Vår referanse:
25/146320-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
02.07.2025

Uttale til søknad om konsesjon til bygging av Geitelvi kraftverk i Voss herad

Viser til brev datert 22.05.2025.

Saka gjeld

Det er søkt om konsesjon for bygging av Geitelvi vasskraftverk i Voss herad. Anlegget er planlagt i Geitelvi, som kryssar under Geitelvi bru på E16. Det er planlagt tilkomst frå E16 til stasjonsbygning på gnr. 408 bnr. 8.

Våre merknader

Tilkomst

Det er planlagt tilkomst frå E16 for anleggsperioden, og til permanent stasjonsbygg. Bruk av avkøyrsla krev løyve etter veglova. Eksisterande avkøyrsla kan ikkje bli brukt med dagens utforming. Det vil vere behov for omfattande utbetring av avkøyrsla. Avkøyrsla må bli utbetra i samsvar med gjeldande krav til utforming i vegnormal N100. Den må vere dimensjonert for aktuell køyretøytype og køyremåte A. På grunn av brukonstruksjon med brurekkverk, betongrekkverk og avstand til tunnelportal, kan det vere vanskeleg å oppfylle krava til sikt i avkøyrsla (figur 1). Siktkrav for fartsgrense 80 må bli følgt. Vi ønsker ikkje at det blir planlagt for endringar på eksisterande rekkverk. Dette må i så fall bli nærmare avklara med oss. Det må bli dokumentert at det er mogleg å snu med aktuell køyretøytype utanfor vegen. Krav til geometrisk utforming av avkøyrslar i N100 må også bli følgt. På grunn av terrenget og høgdeforskjell, ser det ut som det vil krevje svært omfattande inngrep å etablere ei avkøyrsla som vi vil godkjenne. Tiltakshavar må sjå på andre alternativ for tilkomst til anlegget.


Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Siktforholda på E16 må også bli dokumentert og vurdert. I dag er det dobbel sperrelinje på vegen, og ikkje tillate med venstresving inn i avkøyrsla frå E16 når ein kjem frå Bolstadøyri/Voss. Ved utkøyring må ein køyre i retning Voss. Tilkomst og anleggsgjennomføring må bli planlagt med køyremønster i samsvar med gjeldande oppmerking, der ein køyrer av E16 frå vest, og ut på E16 retning aust, slik at det ikkje blir venstresvingbevegelsar der ein må krysse sperrelinjene.



Figur 1: Vegbilde frå 2025 viser sikthindrande betongrekkverk og høgbrekk før avkøyrsla, retning Voss.

Vi registrerer at det i søknaden er skissert ei løysing med lysregulering (skyttelsignalanlegg) på E16 i forbindelse med anleggsperioden. Tiltaket må bli planlagt på ein måte som gir minst mogleg ulempe for trafikantane. Eventuell trafikkregulering i forbindelse med arbeid langs vegen må vere avgrensa til korte periodar, og bli gjennomført effektivt. Det er ikkje aktuelt å godkjenne langvarig trafikkregulering (over fleire dagar) med til dømes skyttelsignalanlegg. Inn- og utkøyring må bli løyst på ein slik måte at det ikkje er nødvendig med trafikkregulerande tiltak som manuell dirigering eller skyttelsignalanlegg. Avkøyrsla må derfor vere dimensjonert for dei køyretøytypane som er aktuelle å bruke i anleggsperioden. Varigheit på byggeperioden og forventa dagleg trafikkmengd (tall inn- og utkøyringar) i avkøyrsla må bli beskrive for anleggsperioden og ved vanleg drift.

Siktforholda på E16 og i avkøyrsla må bli nærmare vurdert og dokumentert, før vi kan ta stilling til endra bruk av avkøyrsla. Det må bli greia ut om det er mogleg med tilkomst for anleggsperioden frå andre stader.

E16


Vi registrerer at flaum og skred vil bli nærmare vurdert i detaljplanfase. Vi legg til grunn at vi blir involvert i dette arbeidet i det vidare.

Tiltak på vår grunn må bli avklara med oss. Forhold som kan påvirke E16 må også bli vurdert og omtala, til dømes handtering av overvatn i anleggsperiode og påverknad på brukonstruksjon. Vi minner også om at det kan vere nødvendig med graveløyve etter veglova for etablering av kraftleidning langs E16, jf. veglova §§ 32 og 57.

Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå byggegrense langs E16, som er på 50 meter frå senterlinja, jf. veglova § 29. Det kjem ikkje fram kva avstand det er frå planlagt stasjonsbygningen til E16.

Framtidig E16

Det er gjort ei [konseptvalutgreiing](#) (KVU) for E16 Voss–Arna. Ny E16 er tilrådd i tunnel parallelt med jernbane i same område som det er søkt konsesjon for kraftverket (figur 2).



Figur 2: Utsnitt av KVU Voss–Arna, alternativ K5. Jernbanedirektoratet.

Røyrgate, påhogg til tunnel/borehol til vasskraftverket og sjølve tunnelen må bli planlagt, bygd og sikra slik at det ikkje er behov for spesielle omsyn og sikringstiltak ved seinare utbygging av veg- og banetunnel. Det må bli lagt fram dokumentasjon på at desse to prosjekta let seg gjennomføre uavhengig av kvarandre.

Konklusjon

Vi er negative til at det blir gitt konsesjon basert på dei opplysningane som går fram i søknaden. Vi er usikre på om det er mogleg å etablere ein tilkomst som vi vil godkjenne, på grunn av terrenget og forholda på E16.

Det må bli dokumentert at det er mogleg å etablere ein tilkomst som vi kan godkjenne, før eventuell konsesjon blir gitt.

Transport vest – transportforvaltning 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Sivert Faye

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

BANE NOR SF, Postboks 4350, 2308 HAMAR

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER